

OS: 4 REKNESKAPSANALYSE

MÅLING, MÅLEFEIL OG JUSTERING

Oppsummering ved

Professor Kjell Henry Knivsflå,
Institutt for rekneskap, revisjon og rettsvitenskap,
NHH

E-post: kjell.knivsfla@nhh.no;

Twitter: @KjellKnivsfla



OS4-1

INNHALD

FAGMØTE 4

FØRRE GONG: Trail + omgruppering



- 1) Måling
- 2) Målefeil
- 3) Justering

NESTE GONG: Forholdstalsanalyse

OS4-2

MÅLING

Fagforelesing 06-08

Fagforelesing 06

- REGULERING AV **MÅLING** - NGRS OG IFRS

- MÅLEFEIL AV **TYPE 1** - THE GOOD
- MÅLEFEIL AV **TYPE 2** - THE BAD
- MÅLEFEIL AV **TYPE 3** - THE UGLY

Fagforelesing 07


Fagforelesing 08

- JUSTERING?** - JUSTERINGSTEKNIKK

OS4-3

RAMMEVERK


FOR REKNESKAPSANALYSE



REKNESKAPS- KVALITET

MÅLEFEIL OG JUSTERING

= Å ANALYSERE OM RAPPORTERTE
TAL ER GJEV EI GOD **AVBILDING**
OG EVENTUELT JUSTERE DEI



MÅLING

Finansrekneskap er eit **informasjonssystem** om underliggjande økonomiske forhold:



→ Avbildinga er basert på **grunnleggjande rekneskapsprinsipp** innanfor eit eksplisitt eller implisitt konseptuelt rammeverk for rekneskapsføring, til dømes ei rekneskapslov som i Noreg

Avbildinga kan vere eksakt, **men som oftast vil det vere «målestøy»** som gjer avbildinga uklar, upresis eller altså **imperfekt**

OS4-6

1)

FINANSREKNESKAP MÅLING

1) TEORI FOR MÅLING

- 1) KOSTMODELL
- 2) VERDIMODELL

2) REGULERING

- 1) IFRS
- 2) NGRS




OS4-7

1.1

REKNESKAPSTEORI TO MÅLEMODELLAR

Det finst i praksis to målemodellar:



1) Kostmodellen

2) Verdimodellen

OS4-8

1)

KOSTMODELLEN «COST VALUE»

- 1) **Kjøpsprisen** på ein eigedel er kostnaden og dermed kostprisen
- 2) Prinsipielt: **Kostverdi** til ein eigedel:

$$KV_0 = \frac{FKD_1}{(1+i)^1} + \frac{FKD_2}{(1+i)^2} + \dots \frac{FKD_T}{(1+i)^T}$$

der i er **internrenta** over levetida til eigedelen T

OS4-9

KVA ER RENTABILITETEN TIL EIN KONTANTSTRAUM?



INTERNRENTA!

dvs den renta som gjev nettonoverdi lik 0

Korleis finne internrenta?

Excel

	-100	70	60			
		20 %			=IR(F7:H7; 0,1)	

OS4-10

DØME INVESTERING I EI «MASKIN»

År	0	1	2
Fri kontantstraum frå drift	-100	70	60

KJØP AV MASKIN TIL 100
HAR EIN KONTANTSTRAUM
PÅ -100

MASKINA **BIDREG** TIL
KONTANTSTRAUMEN FRÅ
DRIFT

OS4-11

RESULTAT OG AVSKRIVING

Resultatet er

$$NDR_t = i \cdot KV_{t-1}$$

Avskrivning

$$AVS_t = FKD_t - NDR_t = FKD_t - i \cdot KV_{t-1}$$

DØME

$$\begin{aligned} NDR_1 &: 0,2 \cdot 100 &= & \mathbf{20} \\ AVS_1 &: 70 - 0,2 \cdot 100 &= & \mathbf{50} \end{aligned}$$

$$\begin{aligned} NDR_2 &: 0,2 \cdot 50 &= & \mathbf{10} \\ AVS_2 &: 60 - 0,2 \cdot 50 &= & \mathbf{50} \end{aligned}$$

OS4-12

REKNESKAPSFØRING KOSTMODELL

År	0	1	2
Fri kontantstrøm frå drift	-100	70	60
- Avskrivning - innrekning	-100	50	50
= Resultat	0	20	10
- Utbyte	-100	70	60
= Endring i egenkapital	100	-50	-50
Eigedel	100	50	0
Eigenkapital	100	50	0
Rentabilitet, ekr	0	0,2	0,2
- Krav, ekk	0	0,1	0,1
= Målt superrentabilitet	0	0,1	0,1

OS4-13

KVA MÅLER KOSTMODELLEN?

«Return on invested capital»

$$r_{KV} = \frac{\text{RESULTAT}}{\text{KONTANTSTRAUM} - \text{AVSKRIVING}} = \frac{\text{INNGÅANDE KOSTVERDI}}{\text{INNGÅANDE KOSTVERDI}}$$

JAU, AVKASTING PÅ DEN FAKTISKE INVESTERTE KAPITALEN, DVS DEN FAKTISKE AVKASTINGA PÅ GJENNOMFØRTE INVESTERINGAR I SELSKAPET

OS4-14

2)

VERDIMODELLEN «FAIR VALUE»

1) Verkeleg verdi av ei maskin er **maksimum** av driftsverdien og salsverdien, om sal er aktuelt

2) **Driftsverdi** til ein eigedel:

$$DV_0 = \frac{FKD_1}{(1+k)^1} + \frac{FKD_2}{(1+k)^2} + \dots + \frac{FKD_T}{(1+k)^T}$$

der k er **avkastingskravet** over levetida til eigedelen T, dvs målestokken for om investeringa er lønsam eller ikkje

OS4-15

RESULTAT OG AVSKRIVING

Verkeleg resultatet er

$$VNDR_t = k \cdot VV_{t-1}$$

Verkeleg avskrivning

$$VAVS_t = FKD_t - VNDR_t = FKD_t - k \cdot VV_{t-1}$$

DØME

$$\begin{aligned} VNDR_1 &= 0,1 \cdot 113 = 11 \\ VAVS_1 &= 70 - 0,1 \cdot 113 = 59 \end{aligned}$$

$$\begin{aligned} VNDR_2 &= 0,1 \cdot 54 = 5 \\ VAVS_2 &= 60 - 0,1 \cdot 54 = 55 \end{aligned}$$

VV
113
54
0

Avkastingskravet er 10%

REKNESKAPSFØRING DRIFTSVERDIMODELL

År	0	1	2	
Fri kontantstrøm fra drift	-100	70	60	Krav basert avskrivning
- Avskrivning - innrekning	-100	50	50	
+ Verdiauke	13	-9	-4	
= Resultat	13	11	6	
- Utbyte	-100	70	60	
= Endring i egenkapital	113	-59	-54	
Eigedel - kostverdi	100	50	0	
+ Meirverdi	13	4	0	
= Verkeleg verdi	113	54	0	
Eigenkapital	113	54	0	
Rentabilitet, ekr	0.1	0,1	0,1	Denne rekneskapsføringa gjev rentabilitet = krav
- Krav, ekk	0.1	0,1	0,1	
= Målt superrentabilitet	0	0	0	

KVA MÅLER VERDIMODELLEN?

«Required return on invested capital»

$$k = i + (r_{MV} - i) \cdot \frac{MV}{KV + MV}$$

1) Rentabilitet på faktisk investert kapital, intern rente i

2) «Meiravkasting på relativ meirverdi»

DET ANDRE LEDDET KONVERTERER FAKTISK RENTABILITET PÅ INVESTERT KAPITAL TIL FORVENTA AVKASTING – SOM ER KRAVET, OG VIL FOR LØNSAME INVESTERINGAR VERE NEGATIVT

OS4-18

«RENTABILITET I ALTERNATIV BRUK»

1)

$$r_{VV} = \frac{KONTANSTRAUM - AVSKRIVING AV KOST + MEIRVERDIENDRING}{KOSTVERDI PÅ IB + MEIRVERDI PÅ IB}$$

2)

$$r_{VV} = r_{KV} + (r_{MV} - r_{KV}) \cdot \frac{MV}{VV}$$

ÅR 1:

$$r_{VV} = (70 - 50 - 9)/(100 + 13) = \underline{10\%}$$

$$r_{VV} = 20\% + (-70\% - 20\%) \cdot 13/113 = \underline{10\%}$$

$$\text{der } r_{mv} = -9/13 = -70\%$$

OS4-19

3)

KVEN VIL HA HISTORISK KOST

...

NÅR VI KAN FÅ RETTFERDIG VERDI?

OS4-20

KONKLUSJON

KOST- KONTRA VERDIMODELL

**KOSTMODELLEN HØVER FOR INVESTERINGAR
SOM SKAL DRIVAST – ELLER SOM VERT HALDNE
TIL FORFALL**

RENTABILITET SYNER FAKTISK AVKASTING

**VERDIMODELLEN HØVER FOR INVESTERINGAR
SOM SKAL SELJAST – ELLER SOM VERT HALDNE
FOR SAL**

RENTABILITET SYNER NORMALISERT AVKASTING

I DØMET ER KOSTMODELLEN **BEST** SIDAN DET ER EI DRIFTSINVESTERING

1.2

FINANSREKNESKAP MÅLING

Finansrekneskap (dvs utarbeiding)

= registrering + måling + rapportering

REGULERT

**NGRS
IFRS**

OS4-22

IFRS

Gamle IAS forsvinn
når nye IFRS kjem
til

Dette er dei nye
standardane

«41» + «17» STANDARDAR

IAS	Standards
1	Presentation of Financial Statements
2	Inventories
7	Cash Flow Statement
8	Accounting Policies, Changes in Accounting Estimates and Errors
10	Events After the Reporting Period
12	Income Taxes
16	Property, Plant and Equipment
19	Employee Benefits
20	Accounting for Government Grants and Disclosure of Government Assistance
21	The Effects of Changes in Foreign Exchange Rates
23	Borrowing Costs
24	Related Party Disclosures
26	Accounting and Reporting of Retirement Benefit Plans
27	Consolidated and Separate Financial Statements
28	Investments in Associates and Joint Ventures
29	Financial Reporting in Hyperinflationary Economies
32	Financial Instruments: Presentation
33	Earnings per Share
34	Interim Financial Reporting
36	Impairment of Assets
37	Provisions, Contingent Liabilities and Contingent Assets
38	Intangible Assets
39	Financial Instruments: Recognition and Measurement (will be superseded by IFRS 9)
40	Investment Property
41	Agriculture

IFRS	Standards
1	First Time Adoption of International Financial Reporting Standards
2	Share-based Payment
3	Business Combinations
5	Non-Current Assets Held for Sale and Discontinued Operations
6	Exploration for and Evaluation of Mineral Resources
7	Financial Instruments: Disclosure
8	Operating Segments
9	Financial Instruments
10	Consolidated Financial Statements
11	Joint Agreements
12	Disclosure of Interest in Other Entities
13	Fair Value Measurement
14	Regulatory Deferral Accounts
15	Revenue from Contracts with Customers
16	Leases
17	Insurance Contracts
+	IFRS for SMEs Conceptual Framework IFRIC and SIC Interpretations Draft Interpretations, Projects Practice Statements

OS4-23

KVA ER DEI KONKRETE REGLANE FOR

- INNREKNING OG

- MÅLING ETTER INNREKNING ?

DET LÆRER DU I KURS I FINANSIELL RAPPORTERING,

SOM ACC401

OS4-24

MÅLING

KOR ER DET GROVE MÅLEFEIL?

1) MANGLANDE INNREKNING AV IMMATERIELLE EIGEDELAR

2) NEDSKRIVING TRENG IKKJE VERE NAUDSYNT ETTER EIT PORTEFØLJESYN

-> UNDERVURDERER KAPITALEN




OS4-25

2)

MÅLEFEIL

OVERSIKT



Førelær seier han er 2 meter høy, men er i røynda 1,92 eller der ikring

Då er målefeilen 2,00 - 1,92 = 8 cm, dvs overrapportering

OS4-26

GENERELT

OM MÅLEFEIL

MÅLEFEIL

= RAPPORTERT – «VERKELEG»

DVS AT VERKSEMDA RAPPORTERER NOKO ANNA ENN «VERKELEGE» TAL – ELLER ALTSÅ «SANNINGA»

MÅLEFEIL VERT OGSÅ KALLA RAPPORTERINGSFEIL

FØRESETNAD

Vi ønsker å måle «**verkelege**» økonomiske forhold ... eller altså få fram «sanninga»



OS4-27

DEKOMPONERING

AV MÅLEFEIL I EK-RENTABILITET

$$MF = ekr - ekk$$

ekr* = ekr med «god» måling

$$= ekr^* - ekk + ekr - ekr^*$$

MÅLEFEIL AV TYPE 1

Målefeil i samsvar med «god» rentabilitetsmåling, ekr*

dvs **GOD** måling av strategisk fordel

Målefeil pga at rapportert ekr avvik frå «god» rentabilitetsmåling, dvs **målefeil på grunn av DÅRLEG** måling

OS4-28

DEKOMPONERING AV MÅLEFEIL I EK-RENTABILITET

$$MF = ekr - ekk$$

$$= ekr^* - ekk$$

ekr^* = ekr med «god» måling,
 ekr_{GRS} = ekr i samsvar med GRS

$$+ ekr - ekr^*$$

$$MF = ekr^* - ekk + ekr_{GRS} - ekr^* + ekr - ekr_{GRS}$$

MÅLEFEIL AV TYPE 1

MÅLEFEIL AV TYPE 3

MÅLEFEIL AV TYPE 2

Målefeil pga at rentabilitetsmåling etter God RekneskapsSkikk avviker fra god rentabilitetsmåling. Altså **målefeil pga dårleg måling i GRS**

Målefeil pga at rapportert ekr avviker fra ekr i samsvar med GRS – altså **målefeil pga kreativ rekneskapsføring** (og feil)

OS4-29

2.1)

DEN GODE MÅLEFEILEN

MÅLEFEIL AV TYPE 1

= RENTABILITET MED **GOD** MÅLING

– AVKASTINGSKRAVET

1) VERDIMODELL: **MF1 = 0**

VERDIMODELLEN
FJERNAR DEN GODE
MÅLEFEILEN

2) KOSTMODELL: **MF1 = MÅLT STRATEGISK FORDEL**

OS4-30

KONKLUSJON KOST- KONTRA VERDIMODELL

KOSTMODELLEN HØVER FOR INVESTERINGAR SOM SKAL DRIVAST – ELLER SOM VERT HALDNE TIL FORFALL

VERDIMODELLEN HØVER FOR INVESTERINGAR SOM SKAL SELJAST – ELLER SOM VERT HALDNE FOR SAL

OS4-31

DØME OPPDRETT

ETTER IAS 41 SKAL BIOLOGISKE EIGEDLAR REKNEKAPSFØRAST TIL «FAIR VALUE»?

BØR FISK FØRAST TIL «FAIR VALUE»?

OS4-32

2.2)

DEN DÅRLEGE MÅLEFEILEN

MÅLEFEIL AV TYPE 2

= RENTABILITET I SAMSVAR MED **IFRS** ELLER NGRS

– RENTABILITET MED «**GOD**» MÅLING

OMRÅDE MED DÅRLEG MÅLING:

1) MANGLANDE INNREKNING AV IMMATERIELLE

2) INDIVIDUELL OG IKKJE PORTEFØLJE-
VURDERING

OS4-33

DØME

INVESTERING I FORSKING

År	0	1	2
Fri kontantstrøm frå drift	-100	70	60

Kapitalkravet er 10%

La oss no seie at **20** av
investeringa på 100 er i

forsking

... eller investering i **marknadsføring** i forkant

OS4-34

IFRS FORSKING ER «TAP»!

Ei verksemd investerer i «**eigedelar**» som kostar kr 100 – og eigedelane genererer ein kontantstrøm frå drift på kr 70 i år 1 og kr 60 i år 2. **Eigedelane er varige driftsmidlar som kostar 80 og resten er eiga forskning**

År	0	1	2
Kontantstrøm frå drift	0	70	60
- Kontantstrøm til investering	100	0	0
= Fri kontantstrøm frå drift	-100	70	60
- Avskrivning - innrekning	-80		
= Resultat	-20		
- Netto betalt utbytte	-100		
= Endring i eigenkapital	80		
Varige driftsmiddel	80		
Eigenkapital	80		

ETTER IAS 38 KAN IKKJE
EIGA **FORSKING**
BALANSEFØRAST, MEN
SKAL KOSTNADSFØRAST
DIREKTE

Kjøpt forskning kan derimot balanseførast

ETTER IAS 16 KAN **VARIGE
DRIFTSMIDLAR** INNREKN-
AST ELLER BALANSEFØRAST
NÅR DEI FØRER TIL ØKO-
NOMISK FORDEL, DVS EIN
FRAMTIDIG KONTANT-
STRAUM

OS4-35

KVA ER RENTABILITETEN TIL EIN KONTANTSTRAUM?

➤ **INTERNRENTA!**

dvs den renta som gjev nettonoverdi lik 0

Korleis finne internrenta?

Excel

	-100	70	60			
		20 %				

=IR(F7:H7; 0,1)

OS4-36

REKNESKAPSFØRING IFRS - KOSTMODELL

År	0	1	2
Fri kontantstrøm fra drift	-100	70	60
- Avskrivning - innrekning	-80	40	40
= Resultat	-20	30	20
- Utbyte	-100	70	60
= Endring i egenkapital	80	-40	-40
Eigedel	80	40	0
Eigenkapital	80	40	0
Rentabilitet, ekr	-0,2	0,375	0,5
- Krav, ekk	0	0,100	0,1
= Målt superrentabilitet = MF1 + MF2	-0,2	0,275	0,4

IFRS:
I praksis
lineær av-
skrivning

IAS 38
Eigen forskning skal
ikkje balanse-
førast, men
kostnadsførast
direkte

Denne
rekneskaps-
føringa gjev

$ekr = ekr_{IFRS}$

OS4-37

DEKOMPONERING AV MÅLEFEIL

År	0	1	2
Underliggjande rentabilitet, ekr*	0	0,2	0,2
- Krav, ekk	0	0,1	0,1
= Superrentabilitet, MF1 = SF	0	0,1	0,1
Rentabilitet IFRS, ekr_{GRS}	-0,2	0,375	0,5
- Underliggjande rentabilitet, ekr*	0,0	0,2	0,2
= Målefeil av type 2, MF2	-0,2	0,175	0,3
Underliggjande SF = MF1 = ekr* - ekk	0	0,1	0,1
+ Målefeil av type 2, MF2 = ekr_{GRS} - ekr*	-0,2	0,175	0,3
= Målt superrentabilitet, SF + MF2	-0,2	0,275	0,4

MF1 = SF

MF2
SKAPER
«STØY»

MÅLT SF VERT
EI DÅRLEG AV-
BILDING AV
VERKELEG SF

INVESTÉRINGS-
TIDSPUNKT

DRIFTS-
FASE

OS4-38

DØME BILPORTEFØLJE

BIL	KOST	VERKELEG	NED
1	200	240	0
2	100	60	40
3	120	120	0
SUM	420	420	0

Her bør individuell nedskrivning
tilbakeførast, sidan ho ikkje er naudsynt
etter ei porteføljevurdering

■ Nedskrivning etter **individuell** vurdering = 40

■ Nedskrivning etter **porteføljevurdering** = 0

OS4-39

KONKLUSJON MANGLANDE INNREKNING

MANGLANDE BALANSEFØRING GJENNOM

- **DIREKTE KOSTNADSFØRING** AV INVESTERINGSUTGIFTER OG
- **INDIVIDUELL** VURDERING AV «PORTEFØLJEINVESTERINGAR»

GJER AT **RENTABILITETEN** FOR LØNSAME INVESTERINGAR ER

- **UNDERVURDERT** I INVESTERINGSFASEN OG
- **OVERVURDERT** I HAUSTINGS- ELLER DRIFTSFASEN

2.3)

DEN STYGGE MÅLEFEILEN

MÅLEFEIL AV TYPE 3

= **RAPPORTERT** RENTABILITET

– RENTABILITET I SAMSVAR **IFRS** OG NGRS

ÅRSÅK:

1) FEIL OG MANGLANDE KOMPETANSE

2) REKNESKAPSMANIPULERING – KREATIV
REKNESKAPSFØRING (KRF)

OS4-41

KONKLUSJON

KRF = MF3



KREATIV REKNESKAPSFØRING I FORM
AV «ACCRUALS MANAGEMENT» FØRER VANLEGVIS TIL
AT

- RESULTAT VERT **BLÅST OPP**
- MEN RESULTATET I EIT SEINARE ÅR BLIR REDUSERT

→ LÅNER RESULTAT FRÅ FRAMTIDA TIL ÅRET DER
RESULTATET TRENGS **FOR Å SKAPE INNTRYKK**
AV GOD LØNSEMD

OS4-42

3)

JUSTERING TEKNIKK OG DØME

JUSTERING AV DRIFTSEIGEDDEL I BALANSEN

1) Justering av driftseigedel

NDE + JUSTERING – UTSETT SKATT = JUSTERT NDE

2) Kva er motposten? Eigenkapital!

EK + (1 – ndss) · JUSTERING = JUSTERT EK

OS4-43

JUSTERINGS- TEKNIKK

3) Justering i resultatrekneskapen

NDR + (1 – ndss) · ENDRING I JUSTERING = JUSTERT NDR



OS4-44

KRAFTSELSKAPET TIDDER RES – OMGRUPPERT

DI
- DK
= DR
- DSK
= NDR
+ NFI
- NRK
= NRE
+ UNDR
+ UNFR
= FNR
- NBU
= ΔEK

	ÅR		
RESULTATREKNESKAP	-2	-1	0
Kraftinntekter	40	206	1948
+ Salsinntekter	28	110	329
+ Andre	12	8	18
= Driftsinntekter	80	324	2295
- Kraftkostnad	18	136	1778
- Varekostnad	14	56	145
- Lønskostnad	25	50	127
- Andre driftskostnader	55	97	184
- Avskrivning	0	0	11
= Driftsresultat	-32	-15	50
- Driftsskatt	-6	-3	10
= Netto driftsresultat	-26	-12	40
+ Netto finansinntekter	3	6	5
- Netto rentekostnader	0	0	2
= Nettoresultat til EK	-23	-6	43
- Unormalt netto driftskostnad	-26	2	20
- Unormalt netto finanskostnad	10	3	10
= Fullstendig nettoresultat	-7	-11	13
- Netto betalt utbytte	-100	-250	0
= Endring i egenkapital	93	240	14

OS4-45

TIDDER BAL - NDK-BALANSE

NFG = FG - FE

NDE = EK + NFG

BALANSE	-2	-1	0
Driftsrelatert anlegg	17	43	535
- Langsiktig driftsgjeld	0	1	62
= Netto anleggsmidler	17	42	473
Driftsrelaterte omløpsmidlar	48	98	394
- Kortsiktig driftsgjeld	51	75	285
= Driftsrelatert arbeidskapital	-3	23	109
= Netto driftseigedelar	14	65	582
Eigenkapital	93	333	347
Langsiktig finansiell gjeld	0	1	241
+ Kortsiktig finansiell gjeld	0	2	18
= Finansiell gjeld	0	3	259
Finansielle investeringar	0	1	2
+ Finansielle fordringar	0	14	13
+ Kontantar	79	256	9
= Finansielle eigedelar	79	271	24
= Netto finansiell gjeld	-79	-268	235
= EK OG NETTO FINANSIELL GJELD	14	65	582

OS4-46

TIDDER KON - FRI KONTANTSTRAUM

NDR + UNDR
- ΔNDE
= FKD
+ NFI + UNFR
- ΔFE
= FKS
- NRK
+ ΔFG
= FKE = NBU

	ÅR		
RESULTATREKNESKAP	-2	-1	0
Netto driftsresultat	-26	-12	40
+ Unormalt netto driftsresultat	26	-2	-20
= Fullstendig nettodriftsresultat	0	-14	20
- Endring i netto driftseigedelar	14	51	517
= Fri kontantstraum frå drift	-14	-65	-497
+ Netto finansinntekt	3	6	5
- Unormal netto finanskostnad	10	3	10
- Endring i finansielle eigedelar	79	192	-247
= Fri kontantstraum frå sysselsette eigedelar	-100	-254	-255
- Netto rentekostnad	0	0	2
+ Endring i finansiell gjeld	0	3	256
= Fri kontantstraum til eigenkapital	-100	-251	-1

OS4-47

1)

TIDDER SYNER REKNESKAPEN FAKTA?

	ÅR		
RESULTATREKNESKAP	-2	-1	0
Kraftinntekter	40	206	1948
+ Salsinntekter	28	110	329
+ Andre	12	8	18
= Driftsinntekter	80	324	2295
- Kraftkostnad	18	136	1778
- Varekostnad	14	56	145
- Lønskostnad	25	50	127
- Andre driftskostnader	55	97	184
- Avskrivning	0	0	11
= Driftsresultat	-32	-15	50
- Driftsskatt	-6	-3	10
= Netto driftsresultat	-26	-12	40
+ Netto finansinntekter	3	6	5
- Netto rentekostnader	0	0	2
= Nettoresultat til EK	-23	-6	43
- Unormalt netto driftskostnad	-26	2	20
- Unormalt netto finanskostnad	10	3	10
= Fullstendig nettoresultat	-7	-11	13
- Netto betalt utbytte	-100	-250	0
= Endring i egenkapital	93	240	14

Kraftinntekter 1948
- kraftkostnad 1778
= **Netto kraft 170**
+ Salsinntekter 329
+ Andre 18
= **Driftsinntekter 517**

ER DET IKKJE MEIR I SAMSVAR MED UNDER-
LIGGJANDE ØKONOMISKE FORHOLD Å FØRE
KRAFTINNTTEKTENE **NETTO**?

OS4-48

TIDDER JUSTERTE DRIFTSINNTEKTER

	ÅR		
RESULTATREKNESKAP	-2	-1	0
Kraftinntekter (NETTO)	22	70	170
+ Salsinntekter	28	110	329
+ Andre	12	8	18
= Driftsinntekter	62	188	517
- Varekostnad	14	56	145
- Lønskostnad	25	50	127
- Andre driftskostnader	55	97	184
- Avskrivning	0	0	11
= Driftsresultat	-32	-15	50
- Driftsskatt	-6	-3	10
= Netto driftsresultat	-26	-12	40
+ Netto finansinntekter	3	6	5
- Netto rentekostnader	0	0	2
= Nettoresultat til EK	-23	-6	43
- Unormalt netto driftskostnad	-26	2	20
- Unormalt netto finanskostnad	10	3	10
= Fullstendig nettoresultat	-7	-11	13
- Netto betalt utbytte	-100	-250	0
= Endring i egenkapital	93	240	14

Verknader av justering:

- Inntrykket av omfanget av verksemda blir **mindre**
- Relativt mindre kraft og **meir handel** i nett-butikken
- Veksten blir **mindre**, til dømes i år 0:

Frå 508% til 175%

OS4-49

2)

TIDDER ADK

	ÅR		
RESULTATREKNESKAP	-2	-1	0
Kraftinntekter (NETTO)	22	70	170
+ Salsinntekter	28	110	329
+ Andre	12	8	18
= Driftsinntekter	62	188	517
- Varekostnad	14	56	145
- Lønskostnad	25	50	127
- Andre driftskostnader	55	97	184
- Avskrivning	0	0	11
= Driftsresultat	-32	-15	50
- Driftsskatt	-6	-3	10
= Netto driftsresultat	-26	-12	40
+ Netto finansinntekter	3	6	5
- Netto rentekostnader	0	0	2
= Nettoresultat til EK	-23	-6	43
- Unormalt netto driftskostnad	-26	2	20
- Unormalt netto finanskostnad	10	3	10
= Fullstendig nettoresultat	-7	-11	13
- Netto betalt utbytte	-100	-250	0
= Endring i egenkapital	93	240	14

ER DET
INVESTERINGS-
UTGIFTER I ADK?

SJEKK NOTE:

40% I
IMMATERIELL
ETABLERING?

AVSKRIVING: **10%**?

OS4-50

2.1)

TIDDER BALANSEFØRING OG AVS?

Andre driftskostnader	55	97	184
→ 40% IMMATERIELL INVESTERING	22	39	74

INVEST			
	IB	0	
+	Tilgang	22	
-	AVS	2	
=	IB/UB	20	
+	Tilgang	39	
-	AVS	6	
=	IB/UB	53	
+	Tilgang	74	
-	AVS	13	
=	UB	114	

Avskrivning = 10% på saldo

$$\begin{aligned} AVS_2 &= 22 \cdot 0,1 = 2 \\ AVS_1 &= (20+39) \cdot 0,1 = 6 \\ AVS_0 &= (53+74) \cdot 0,1 = 13 \end{aligned}$$

OS4-51

TIDDER UTSETT SKATT VED JUSTERING

INVEST				
	IB	0	US	ΔUS
+	Tilgang	22	4	
-	AVS	2	0	
=	IB/UB	20	4	4
+	Tilgang	39	8	
-	AVS	6	1	
=	IB/UB	53	11	7
+	Tilgang	74	15	
-	AVS	13	3	
=	UB	114	23	12

ndss = 20%

$$\begin{aligned} US_2 &= 20 \cdot 0,2 = 4; & \Delta US &= 4 \\ US_1 &= 53 \cdot 0,2 = 11; & &= 7 \\ US_0 &= 114 \cdot 0,2 = 23; & &= 12 \end{aligned}$$

OS4-52

TIDDER OMGRUPPERT + JUSTERT

ÅR	-2	-1	0
RESULTATREKNESKAP			
Kraftinntekter - nettoføring	22	70	170
+ Salsinntekter	28	110	329
+ Andre	12	8	18
= Driftsinntekter	62	188	517
- Kraftkostnader	0	0	0
- Salskostnader	14	56	145
- Lønskostnad	25	50	127
- Andre kostnader, eksklusiv invest	33	58	110
- Avskrivning, inkludert på invest	2	6	24
= Driftsresultat	-12	18	111
- Driftsskatt, inkludert endring i US	-2	4	22
= Netto driftsresultat	-10	14	89
+ Netto finansinntekter	3	6	5
- Netto rentekostnader	0	0	2
= Nettoresultat til EK	-7	20	92
- Unormalt netto driftskostnad	-26	2	20
- Unormalt netto finanskostnad	10	3	10
= Fullstendig nettoresultat	9	15	62
- Netto betalt utbytte	-100	-250	0
= Endring i egenkapital	109	265	62

I år 0 blir

- 114 kapitalisert,
- 23 er utsett skatt, og
- EK aukar med 91 frå 347 til 438

I år 0 blir


- ADK redusert med 74 frå 184 til 110,
- AVS aukar med 13 frå 11 til 24, og
- DSK aukar med ΔUS på 12 frå 10 til 22

BALANSE	-2	-1	0
Driftsrelatert anlegg	17	43	535
+ INVESTERINGSKAPITAL	20	53	114
- Langsiktig driftsgjeld	0	1	62
- Utsett skatt på invest-kapital	4	11	23
= Netto anleggsmidlar	33	84	564
Driftsrelaterte omløpsmidlar	48	98	394
- Kortsiktig driftsgjeld	51	75	285
Driftsrelatert arbeidskapital	-3	23	109
Netto driftseigedelar	30	107	673
Eigenkapital	109	375	438
Langsiktig finansiell gjeld	0	1	241
Kortsiktig finansiell gjeld	0	2	18
Finansiell gjeld	0	3	259
Finansielle investeringar	0	1	2
Finansielle fordringar	0	14	13
Kontantar	79	256	9
Finansielle eigedelar	79	271	24
Netto finansiell gjeld	-79	-268	235
EK OG NETTO FINANSIELL GJELD	30	107	673

OS4-53

2.2)

TIDDER JUSTERT RENTABILITET



Netto driftsrentabiliteten, ndr, blir **justert opp!**

Pga at NDR er justert opp, noko som dominerer auken i NDE

OS4-54

TIDDER VERKNAD FKD

	ÅR		
KONTANTSTRAUM	-2	-1	0
Netto driftsresultat	-10	14	89
+ Unormalt netto driftsresultat	26	-2	-20
= Fullstendig nettodriftsresultat	16	12	69
- Endring i netto driftseigedelar	30	77	566
= Fri kontantstraum frå drift	-14	-65	-497
+ Netto finansinntekt	3	6	5
- Unormal netto finanskostnad	10	3	10
- Endring i finansielle eigedelar	79	192	-247
= Fri kontantstraum frå sysselsette eigedelar	-100	-254	-255
- Netto finanskostnad	0	0	2
+ Endring i finansiell gjeld	0	3	256
= Fri kontantstraum til eigenkapital	-100	-251	-1

FKD ER **IKKJE** PÅVERKA AV JUSTERING!

OS4-55

VERKNAD AV JUSTERING

Verknaden av å innrekne meir kapital er at

ndr blir redusert

Men for selskap som investerer meir enn dei avskriv er det også ein resultateffekt slik at

ndr kan auke

Det er sjølvsagt **ingen** effekt på kontantstraumen

OS4-56